

2018/HE1-215571 HELSE - TRYGG I NATUREN – MIDTRE NORDFJORD TURLAG

FORORD

Trivselsskogen er eit nærturområde som ligg nær sentrum av tettstaden Sandane, i Gloppen kommune, i Sogn og Fjordane. Trivselsskogen er eit folkehelseprosjekt og målet er å få fleire ut på tur.

Her skal du kunne oppleve naturen på nært hald. Gjere det du vil, eller absolutt ikkje gjere noko, berre vere til stades i naturen.

Det vert lagt opp til variasjon i stinettverkt og opplevingar i skogen.

Dei største attraksjonane er Holvikfossen/Fosseteater, Utsikten, Draumekvila, Kjærleiksskogen og Trygg i naturen (TIN-camp).

Trygg i naturen er eit stort område der barn og unge skal kunne lære seg å bli glad i, ophalde seg, og overnatte ute i naturen. Området har gapahukar, telt og hengekøypllassar, aktivitetsområde, og eit eige amfi for undervising og formidling. Her vil og bli eit toalett. På Trygg i naturen har vi plass til 4 skuleklassar samtidig, og er eit perfekt leirområde.

Prosjekt Trygg i naturen hadde varighet på 1 år.

Trivselsskogen DA er ansvarleg for Trivselsskogen, og turlaget er ein av fleire viktige samarbeidspartar. Turlaget var søkeberettiga og sökte Extrastiftelsen om midlar til Trygg i naturen.

Trivselsskogen er nasjonalt pilotprosjekt for nærturar i Den Norske Turistforening (DNT)

SAMANDRAG

Trygg i naturen blei eit mykje større prosjekt enn fyrst tenkt. Området blei større, og ideane strøymde på.

Prosjektgruppa bestod av representantar frå Trivselsskogen DA, Speidaren, Gloppen Hotel, Frida Vidaregåande skule, Nordfjord Folkehøgskule og Turlaget.

Trygg i naturen har no 6 gapahukar med bord og benkar, 3 av gapahukane har hems for overnatting. Alle bord og benkar kan plasserast slik at ved overnatting blir alt ei flate. I tillegg har vi oppheng for 3 hengekøy i kvar gapahuk.

Utanfor kvar gapahuk er der bålpllass/gruve, og der er eit langbord med plass til ca 30 stk.


Bakehuset er på plass, montering av to steinovnar pågår.

I skogen er der eit eige område for bygging av «hytter», der kan vi og overnatte i tre-telt og hengekøyer.

Hengekøye-rundellen har plass til ca 20 hengekøyer.

Store skogsamfi har plass til over 300 personar, det vesle amfiet rommar ca 30. Amfia blir brukt til undervisning og arrangement.

Trivselsskogen er eit stort dugnadsprosjekt, der det totalt er brukt 6000 timer.



BAKGRUNN FOR PROSJEKTET OG MÅLSETTING

Trivselsskogen har ei flott ramme, med mange ulike element. Sherpastiane er på plass, dagsturhytte, kjærleiksskog mm, og alt ligg til rette for turopplevelingar.

Vi hadde lyst å ha eit område der born og unge kan lære seg om naturen ute i det fri. Trivselsskogen ligg sentralt, nær barnehagar, skular og institusjonar.

Målet var å legge til rette for leik og undervisning for born og unge, der små og store grupper oppheld seg i naturen, lagar mat og overnattar ute.

Eit viktig element når ein skal ha si fyrste natt i naturen, er at «rømningsvegen» er kort, bilveg har vi 150 meter ifrå campen.

PROSJEKTGJENNOMFØRING OG METODE

Prosjektgruppa bestod av representantar frå Trivselsskogen DA, Speidaren, Gloppen Hotel, Firda Vidaregåande skule, Nordfjord Folkehøgskule og Turlaget.

I tillegg kontakta vi bla rådet for utviklingshemma og foreldre til born og unge med spesielle behov, for å legge til rette for alle.

Trivselsskogen sin dognadsansvarleg var primus motor og kalla inn til planleggingsmøter, og deretter dognader i nær samarbeid med turlaget.

Ulike organisasjonar fekk sine ansvarsområder.

Speidaren hadde eigne dognader for skogsområde for bygging av plattingar, leikehytter som kan setjast opp og takast ned, område for tretelt mm.

Turlaget jobba ekstra med gapahukane, der vi no har 6 flotte gapahukar og hengekøyerundell. (Hengekøye-rundell er 2 kabel-tromlar som er måla og sett opp på kvarandre, med feste til hengekøyer. Hengekøyene blir festa mot stolpar i andre enden).

Folkehøgskulen sette opp gjerder, og tok ansvar for utforming av bål og gruveplass framfor gapahukane.

Dimensjonane til Store skogsamfi krevde fagfolk, så råbygget stod lokale snikkarar for. Så var det stordognader på resten av amfiet.

Det aller viktigaste i prosjektgjennomføringa var SAMARBEID mellom private, grunneigarar og ulike organisasjonar.

Oversikt over samarbeidspartnarar, der dei ytterste har bidratt økonomisk.



RESULTAT OG VURDERING

Trivselsskogen har berika innhaldet med Trygg i naturen, eit område som har blitt fantastisk flott takka vere bla. Extrastiftelsen, stor dugnadsinnsats og godt samarbeid.

Skuleklassar og barnehagar brukar område flittig både til leik, undervisning, nisteplass og kvilestund. Folkehøgskulen har eiga linje for personar med nedsett funksjonsevne, den gruppa brukar anlegget mykje for å oppnå meistring blant elevane.

Speidaren, turlaget mfl. inviterer til møter og aktivitetar med godt oppmøte. Bla. har vi hatt foredrag og film med Villmarksbarna.

Trygg i naturen er ein god plass for feiring og samankomstar, konsertar, eller ein tur åleine.

Det er ei glede å sjå personar i alle aldrar, med og utan krykkjer, vogner og bæremeiser. Vi ser ofte at 3 generasjonar er på tur ilag.

Trivselsskogen har som mål å få fleire ut på tur og Vestlandsforskning har sett opp tellarar og utført spørjeundersøkingar.

Telling viser frå 0-30 000 på eit år!

OPPSUMMERING/KONKLUSJON/VIDARE PLANAR

Eit svært vellukka prosjekt som blei opna av generalsekretær i DNT, saman med generalsekretær i Extrastiftelsen.

Prosjektet blei både meir økonomisk- og arbeidskrevjande enn planlagt.

Trivselsskogen dekka inn kostnader som overgjekk støtta vi fekk til Trygg i naturen.

Trivselsskogen skal vidareutviklast, neste steg er å finansiere Fosseteateret/utsiktsrampe over Holvikefossen. I tillegg til at utsiktsrampen blir ein flott attraksjon, så er rampen eit viktig sikringstiltak for å unngå fall i fossen.

Toalett og servicebygg er under planlegging.

Turlaget vil arbeide for å få ei hytte i tilknytning til Trygg i naturen. Her er ikkje planlegging og budsjettering starta.

Når vi er nasjonalt pilotprosjekt for nærturar i DNT, går frå 0-30 000 besökande på eit år, og er ein av 5 finalistar i «Norges beste turrute» er konklusjonen enkel: FANTASTISK FOLKEHELSE-PROSJEKT!

